

Kjem frå USA til Selje

Birgit Djupedal-Fioravante utvandra frå Selje som treåring og er no operasongar i USA. Under Sunnivadagane skal ho for første gong ha konsert i Selje.

SELJE. – Eg har alltid hatt lyst til å synge konsertar her, og no er det for første gong blitt tid til det, seier Birgit Djupedal-Fioravante.

Det er i Selje ho har røtene sine. Både mora og faren er herifrå. Men då ho sjølv var tre år gammal, fekk faren jobb som ingeniør i Ohio. Sidan har ho budd der, med unntak av eitt år på folkehøgskule på Voss.

Songstjerne. Førstkomande onsdag, under Sunnivadagane, skal Birgit ha konsert i Selje kyrkje. Akkompagnatør er organist i Selje, Jon Inge Sigerland. Han er profesjonell akkompagnatør og har jobba med mange flinke songarar.

– Eg er stolt over at ho skal synge her i kyrkja. Ho er ei songstjerne som har sunge i fleire større operaer og hatt store operaroller, seier han, og lovar eit spennande program denne kvelden. Songaren sjølv er ikkje mindre imponert over organisten, som ho hørde spele Bach i fjor.

– Det var fantastisk. Eg blei veldig imponert og tenkte at her kan eg synge, fortel ho.

Folketonar. Repertoaret på konserten spenner vidt. Her blir ein sekvens med The Hermit Songs. Dette er dikt skrivne av irske munkar i tida frå 800 til 1200 og seinare tonesette av Samuel Barber.

– Eg har vore oppteken av å lage eit program som passar til Sunnivadagane, og dette blir flott og spektakulært, meiner Birgit.

Ho skal også synge gamle folketonar frå Selje, som i si tid blei innsamla av bestefar hennar på

morssida, Torvald Kvamme, og onkelen på farssida, Reidar Djupedal.

– Desse songane har eg aldri før framført, og det passar å gjere det her i Selje, meiner ho.

På konserten skal ho dessutan synge Haugtussa, Arne Garborgs kjende diktsyklus som Edvard Grieg har sett tonar til. Haugtussa har ho framført før, då med Edwin McArthur som akkompagnatør. Han var tidlegare akkompagnatør for den verdskjende operasongaren Kirsten Flagstad.

Norsk. Elles blir det både gospel og jazz i Selje kyrkje denne kvelden.

– Det blir ikkje berre opera, men det vil bli framført på ein operamåte. Og kvar gong eg syng, legg eg vekt på at det skal vere underhaldande, seier ho.

Birgit er framleis norsk statsborgar, og banda heim er sterke. Ho snakkar ein del norsk, men vil gjerne snakke litt engelsk under intervjuet.

– Vi snakka litt norsk heime, men då vi begynte på skulen, ville far at vi skulle snakke engelsk. Det var jo ingen som snakka norsk i Ohio, smiler ho. I Selje har ho mykje slekt. Broren Knut har også hus der. Han flytta tidleg tilbake til Norge og er i dag direktør ved Norsk utvandrarmuseum på Hamar. Mor deira ville tilbake då faren døydde, og bur i dag på sjukeheimen.

Siste åra har Birgit budd i Florida, der ho er frilans operasongar. Ho har også jobba ti år i New York. Det største i karrieren hittil er ei stor rolle i prestisjetunge Carnegie Hall i New York. I fjor song ho for første gong i Noreg, på Kirsten Flagstad-festivalen.

ANNE-MARI TOMASGARD
anne-mari.tomasgard@smp.no